

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.05.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Marit Solheim/Guro Mjanger  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2012/3702  
**STYRESAK:** **045/2018**

**STYREMØTE:** **22.05.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til orientering.

## OPPSUMMERING

Dette er ei rapportering på status innan forskings -og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde for 2017, med følgjande inndeling:

1. FOU-aktiviteten i Helse Førde i 2017
2. Pågåande prosjekt/verksemd
3. Samhandlingsbarometeret og Helseatlas
4. FOU i strategi- og utviklingsplan

2017 var eit innhaldsrikt år med oppturar, men også eit år som synleggjorde utfordringane Helse Førde står overfor som forskingsorganisasjon. Det mest gledelege som skjedde var tildelinga på 10 millionar kroner frå Noregs forskingsråd til prosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems.» Prosjektet er eit samarbeid mellom dei to forskingsgruppene Psykisk helse og rus (PHR) og Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO), med Christian Moltu som prosjektleiar. Høgskulen på Vestlandet og Førde kommune er sentrale samarbeidspartar, i tillegg til nasjonale og internasjonale partar.

HFD har for 2017 rapportert at totalt 7 971 000 kroner er nytta til forskning, som utgjer 0,3 prosent av det totale budsjettet. Dette er ein nedgang frå året før, og viser at vi har eit stykke att før vi når målet i vår eigen strategi om å bruke ein prosent av det totale budsjettet til FOU-aktivitet innan 2020.

HFD har over tid hatt stor auke i publikasjonar, og har etter 2015 hatt vesentleg auke i publikasjonspoeng. I 2017 hadde vi 33 publikasjonar registrert i det nasjonale rapporteringssystemet Cristin. Kvaliteten på publikasjonane målt etter internasjonalt samarbeid og nivå på publikasjonane, viser at forskinga i HFD held same eller kvalitet som større forskingsinstitusjonar. Dette viser at vi får til mykje, med dei ressursane vi har tilgjengeleg.

Tre tilsette i Helse Førde disputerte for doktorgradsavhandling i 2017. Dei tre var Anny Aasprang, Maria Holsen og Reidar Hjetland. Disputasen til Reidar Hjetland vart gjennomført ved Førde sentralsjukehus, og er den første disputasen som har vore i Helse Førde.

Føretaket sende fem søknader om innovasjonsmidlar i desember 2017, og fekk tilslag på tre av desse (til saman 810 000 kroner). Alle prosjekta er nye av året.

Samhandlingsbarometeret og Helseatlas hadde begge stor aktivitet i 2017. Samhandlingsbarometeret inneheld per i dag alle føretaka i Helse Vest og Helse Nord. Ein har bede Helse Vest om ei årleg ramme på to millionar kroner til drift og utvikling. Det er planlagt at dette skal handsamast AD-møte i juni, men signala så langt er positive.

Helseatlastenesta i Helse Førde har fått data frå Norsk pasientregister til å utvikle helseatlas innan emneområda «sentrale ortopediske tilstandar» og «psykisk helse og somatiske helsetenester». Vi har data frå heile landet for perioden 2012 – 2016. Fram til no har ein arbeidd mest med ortopediatlas.

## 1. FoU-aktiviteten i Helse Førde i 2017

### 1.1 Kva rapporterer vi på til nasjonalt nivå?

Helse Førde rapporterer årleg FOU-aktiviteten på to hovudområde: a) resultat i form av vitskaplege publikasjonar, doktorgradar og ekstern finansiering og b) innsats til forskning og utvikling i form av kostnader. Rapporteringa frå helseføretaka inngår saman med data frå universitets- og høgskulesektoren, forskingsinstitutta og næringslivet i nasjonal og internasjonal statistikk.

Som ledd i den sektorovergripande HelseOmsorg21-strategien vil det frå neste år bli gjennomført nasjonal rapportering på *tema* for helseforskinga og *type* helseforsking. Helseføretaka skal i 2018 også bidra til implementering av eit nasjonalt system for måling av *innovasjonsaktiviteten* for 2017, og prøverapportere for 2017 på *kliniske behandlingsstudiar*. Økonomiske insentiv til å delta i slike studiar er under planlegging.


### 1.2 Vitskaplege publikasjonar i 2017

Kva som vert godkjent som vitskaplege publikasjonar er verifisert gjennom Cristin (Current Research Information System in Norway) [www.cristin.no](http://www.cristin.no). Cristin er ein nasjonal infrastruktur for registrering, godkjenning og rapportering av forskingsaktivitetar og -resultat. Ei rekkje publiseringsresultat og andre data frå kvar enkelt forskingsutførande institusjon er lett tilgjengeleg her.

I 2017 publisert HFD 33 vitskaplege artiklar, inkludert kapittel i vitskaplege antologiar i HFD. 29 prosent av artiklane er publiserte i tidsskrift som er på nivå 2, det vil seie leiande tidsskrift. Helseføretaka, universitet, høgskular og institutt har samla ein andel nivå 2-tidsskrift på 23 prosent.

Samarbeid vert målt etter forfattaradresser på den enkelte publikasjon. På linje med slik det er nasjonalt, er dei fleste publikasjonane eit samarbeid med andre institusjonar. Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Haukeland Universitetssjukehus (HUS) er dei viktigaste samarbeidspartane. 57 prosent av artiklane med HFD-adresse har internasjonalt samarbeid. Nasjonalt har 49 prosent av publikasjonane slikt samarbeid.

Figur 1: Vitskapelege publikasjonar i Helse Førde 2011- 2017: Nivå, publikasjonspoeng, forfattarandel og samarbeid. (kjelde: www.cristin.no)



Publikasjonspoeng avspeglar i større grad enn tal artiklar HFD sin innsats i artiklane og kvaliteten på artiklane. Publikasjonspoeng vert rekna ut på bakgrunn av HFD sin forfattarandel på den enkelte publikasjon, nivå på tidsskriftet samt nasjonale og internasjonale medforfattarar. Publikasjonspoeng for 2017 er 25,6. Publikasjonspoeng før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare grunna ny utrekningsmodell frå 2015.

Med såpass små tal vil det vere naturlege variasjonar i publisering, nivå 2-publikasjonar og publikasjonspoeng, m.a. avhengig av kva fase større prosjekt er i. For å tolke utviklingstrekka bør ein derfor sjå trendar over fleire år. HFD har over tid hatt stor vekst i publikasjonar, og har etter 2015 hatt betydeleg auke i publikasjonspoeng. Ei samanlikning med det nasjonale nivået viser at om vi ser på tala for internasjonal publisering og nivå 2-artiklar dei tre siste åra, ligg HFD ligg på om lag same og til dels høgre nivå enn samla frå alle dei forskingsutførande institusjonane i Norge.

HFD har imidlertid færre vitskapelege publikasjonar enn helseføretak vi naturleg kan samanlikne oss med. På publikasjonspoeng er HFD noko nærare desse. Som det framgår under, brukar desse føretaka gjennomgåande meir ressursar til forskning. HFD har relativt få artiklar der ein person frå føretaket er med som medforfattar saman med mange andre.

Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR), psykiatrisk klinikk og fag- og utviklingsavdelinga er representerte med flest publikasjonar i 2017. Dei personane som skil seg ut med fleire publikasjonar både i 2017 og dei siste åra, har gjennomgåande sentrale roller i større prosjekt av høg kvalitet og har omfattande prosjekterfaring. Fleire har delte stillingar mellom sjukehus og universitets-/høgskulesektoren. Dette er eit mønster ved alle helseføretak.

Liste over vitskapelege publikasjonar for 2017 er vedlagt.

### 1.3 Avlagte doktorgradar

Tre tilsette disputerte i 2017:

- Anny Aasprang: *Livskvalitet etter fedmekirurgi*. UiB.  
Lenkje til avhandling: <http://bora.uib.no/handle/1956/15567>
- Maria Holsen: *Operative Treatment and Magnetic Resonance Imaging-Based Diagnostics of Knee Disorders in Military Conscripts*. University of Tampere.  
Lenkje til avhandling: <http://tampub.uta.fi/handle/10024/101184>
- Reidar Hjetland: *Tick-borne infections in Sogn og Fjordane, western Norway. Seroprevalence, risk factors and subjective health complaints in blood donors*. UiB.  
Lenkje til avhandling: <http://bora.uib.no/handle/1956/16939>.  
Disputasen vart gjennomført ved Førde sentralsjukehus, og er den første disputasen som har vore arrangert i Helse Førde.

### 1.4 Dei tematiske forskingssatsingane

Dei to tematiske forskingsgruppene Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og Rus (PHR) hadde i 2017 sitt tredje år som tematiske satsingar i føretaket. Forskingsgruppene er eit samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. I 2017 var det høg aktivitet i begge gruppene. Nokre oppsummerande punkt om aktiviteten:

Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO):

- Gruppa hadde i 2017 svært mange publikasjonar. Heile 40 prosent av desse var på nivå 2.
- Ein stipendiat disputerte for phd-graden ved UiB.
- Ein søknad om PhD-stipend gjekk inn, finansiert av Norsk sjukepleiarforbund, til eit prosjekt som har som mål å persontilpasse helstenestene til pasientar med stomi. John Roger Andersen er prosjektleiar.
- Dei kliniske tilbakemeldingssystema vi har utvikla for fedmepoliklinikken og stomipoliklinikken, vart ferdigstilt og tekne i bruk i klinikkane.
- Kirsten Lerum Indrebø, stomisjukepleiar i kirurgisk klinikk og doktorgradsstudent, fekk Helse Førde sin kvalitetspris for 2017.
- Gruppa hadde ultimo 2017 tre doktorgradsstipendiatar.

Psykisk helse og Rus (PHR):

- Det har vore stor merksemd frå styremaktene og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt omkring prosjektet NORSE (Norwegian Outcome Response System for Evaluation).
- HFD nådde opp i konkurransen om ei større tildeling frå Norges Forskningsråd, og fekk 10 mill. kr. til prosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems.» Prosjektet er eit samarbeid mellom dei to forskingsgruppene PHR og FLO, med Christian Moltu som prosjektleiar.
- PHR arrangerte sin første nasjonale konferanse. Tema var medverknadsmetodikk i helseforskning. 70 deltakarar frå heile landet deltok.

- Christian Moltu, psykologspesialist og fagsjef i psykiatrisk klinikk, fekk kvalitetsprisen i Helse Vest for 2017. Det er første gong nokon i HFD har fått denne prisen.
- Gruppa hadde ultimo 2017 fem doktorgradsstipendiatar.

### 1.5 Kostnader til forskning og finansieringskjelder i 2017

I 2017 vart det nytta 7 971 000 kroner til forskning, som tilsvarar 0,3 prosent av driftsinntektene. Dette er nedgang frå året før, og viser at vi har eit sykke att før vi når målet om å bruke ein prosent av driftsinntektene til forskingsaktivitet innan 2020.

Tabell 1: Ressursbruk til forskning i Helse Førde fordelt etter finansieringskjelder, 2014-2017, i kroner (Kjelde: HFD si rapportering til NIFU, Årsrekneskap HFD)

	2017	2016	2015	2014
Frå basisramma	5 231 000	7 918 000	9 911 000	3 789 000
Øyremarka tilskot frå HV	1 221 000	2 695 000	1 712 000	2 914 000
Andre inntekter	569 000	599 000	773 000	523 000
<b>Kr.</b>	<b>7 971 000</b>	<b>11 212 000</b>	<b>12 396 000</b>	<b>7 235 000</b>


Etter ein stor auke det første heile året forskings- og innovasjonsstrategien i HFD vart sett i verk, m.a. med oppstart av dei to tematiske forskingssatsingane, har ressursbruken frå *basisramma*, dvs. frå eigne midlar i HFD, gått ned. Reduksjonen dei to siste åra er primært knytt til redusert ressursbruk til nokre større prosjekt som har vore finansierte av dei aktuelle avdelingane utan at det er blitt starta nye prosjekt eller tiltak. Det har også vore ein nedgang i *øyremarka* midlar til forskning, dvs. forskingsmidlar frå HV.

Figuren under framstiller utviklinga i ressursbruk i HFD frå dei tre hovudkjeldene for finansiering av forskning i helseføretaka frå 2006-2017. I perioden 2011-2013 hadde Helse Førde ein profil på forskingsfinansieringa som var ulik andre føretak av vår storleik, med lite eigenfinansiering og høg finansiering frå HV, hovudsakleg pga. svært god utteljing i fleire strategiske forskingssatsingar i HV. I den nye strategiperioden i HV (2015 - 2019) er dei strategiske satsingane lite relevante for dei mindre helseføretaka. HFD har fått avgrensa strategiske midlar frå HV dei siste åra, heller ikkje frå ei pågåande strategisk satsing retta mot dei mindre føretaka. Derimot har vi fått andre eksterne midlar, og denne summen vil auke betydeleg dei kommande åra. Dette er nasjonalt konkurranseutsette midlar.

Ressursar brukt til forskning i HFD 2006-2017  
(kjelde: NIFU og årsrekneskap HFD for 2017)



Av norske sjukehus som er organisert som helseforetak er det berre Helgelandssykehuset som brukar mindre del av driftsmidlane til forskning enn Helse Førde. I Helse Førde sin strategiplan for forskning og innovasjon har ein som mål å bruke 1% av driftsinntektene til forskning innan 2020.



## 1.6 Status søknader

### Interne forskingsmidlar for 2018

Hausten 2017 kom det inn til saman ni søknader på dei opne og dei strategiske forskingsmidlane i HFD for 2019, mot 14 året før. Søknadene til dei opne forskingsmidlane vert vurderte av ein vitenskapleg komite med interne og eksterne deltakarar. Søknader knytt til dei tematiske forskingsgruppene vert vurderte av ein ekstern vitenskapleg komite. Åtte av



søknadene vart vurdert som støtteverdige. Alle desse fekk tildeling, med samla sum på 1,4 millionar kroner. Restmidlar er utlyste på nytt og vert tildelte i juni 2018.

*Tabell 2: Søknader interne forskingsmidlar for 2018: Tal søknader og tal tildelte søknader, fordelt etter klinikk. Tal for 2017 i parantes.*

	Medisinsk klinikk	Kirurgisk klinikk	Psykisk helsevern	Stab og Støtte	Sum
Søknader	0 (2)	2 (1)	4 (5)	3 (6)	9 (14)
Tildelte søknader	0 (2)	2 (1)	3 (3)	3 (4)	8 (10)

Som det går fram av tabellen er det få søknader frå medisinsk og kirurgisk klinikk. Dei som søkjer frå desse klinikkane har fått midlar. Alle som søkjer får skriftleg vurdering og tilbod om rettleiing i vidare utvikling av prosjektet.

Søknader til Helse Vest: Vi sende hausten 2017 seks søknader på dei årleg ope utlyste midlane. Fem av dei var nye søknader. Tre av dei seks søknadene vart vurderte som støtteverdige, men ingen fekk tildeling. Andel støtteverdige søknader er på nivå med helseføretaka samla i HV, men HFD skil seg ut med færre søknader. Fem av prosjekta har fått interne midlar til vidareføring, og dei fleste vert sende inn att på nytt hausten 2018.

## **2. Pågåande prosjekt/verksemd**

### **2.1 Legemiddelstudiar**

Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar og pasientar frå heile landet, får tilbod om å delta i kliniske behandlingsstudiar. Deltaking i slike studiar gjev pasientar høve til å vere med i utprøvande behandling. Utprøving av legemiddel er dei mest vanlege kliniske behandlingsstudiane.

Vi har i år for første gong rapportert på industrifinansierte legemiddelstudiar. Det er registrert 12 aktive slike studiar i HFD i 2017. Åtte av desse var på kreftavdelinga. I tillegg er det registrert to offentleg finansierte legemiddelstudiar. I nokre høve var HFD-tilsett medforfattar på vitskapelege artiklar som publiserer resultat frå legemiddelstudiar. Slike studiar vert gjerne publiserte i gode tidskrift. I 2017 var ein HFD-tilsett medforfattar i ein slik artikkel i tidsskriftet Lancet Neurology.

Legemiddelstudiar fordrar god lokal infrastruktur og dedikert personell, såkalla studiekoordinatorar, med den nødvendige spesialkompetansen og nasjonalt nettverk. Kreftavdelinga har tilsett ein studiekoordinator i eit prosjekt over to år for å byggje opp eit system og utvikle lokal kompetanse, finansierte av eksterne midlar frå ulike kjelder. Det er behov for å få på plass ein meir varig ordning for å sikre at fleire pasientar frå HFD kan få tilbod om å delta i kliniske studiar.



## 2.2. Doktorgradsprosjekt

Det er registrert sju pågåande doktorgradsprosjekt<sup>1</sup> i HFD.

Tabell 3: Oversikt over pågåande doktorgradsprosjekt i HFD mai 2017

Namn	Klinikk	Fagbakgrunn
Anja M Hjelle	Medisinsk klinikk	Lege
Hege Kristiansen	Medisinsk klinikk	Lege
Eili Nygard Riise	Psykisk helsevern	Psykolog
Kristina Osland Lavik	Psykisk helsevern	Psykolog
Gøril Kleiven	Psykisk helsevern	Psykolog
Stig Magne Solstad	Psykisk helsevern	Psykolog
Toril Terum	Stab og støtte	Sjukepleiar
Søker opptak:		
Kirsten Indrebø	Kirurgisk klinikk	Sjukepleiar

Det lengst pågåande prosjektet starta opp rundt 2010, det nyaste i 2016. Nær alle prosjekta er eller har vore finansierte frå fleire kjelder. Dei fleste har fått startfinansiering frå Helse Førde.

Vi har registrert fire-fem personar som har doktorgradsprosjekt under utvikling, fordelt på dei tre kliniske klinikkane.

## 2.3 Støttesystem og infrastruktur

Helse Førde har utfordringar knytt til å byggje ein forskingsorganisasjon som er robust og stabil. Tildelinga frå Norges Forskingsråd (NFR) i 2017 er viktig, men avslører samstundes behovet for eit støttesystem. Å leie store forskingsprosjekt med internasjonalt samarbeid og koordinering krev høg kompetanse og ein organisasjon med tilstrekkeleg forskingsinfrastruktur til å forvalte prosjekta. Revisjonsprosessen med NFR, for å sikre dei juridiske og forvaltingsmessige sidene ved prosjektet, har vart eitt år og kravd innsats frå fleire aktørar i Helse Førde. Prosjektet er no godkjent i alle instansar, og vi er i ferd med å skrive under dei formelle kontraktane.

## 2.4 Søknad om innovasjonsmidlar frå Helse Vest

I 2015 lyste Helse Vest for første gong ut større innovasjonsmidlar. Helse Førde har årleg søkt om tre til fire prosjekt, og fått god utteljing.

For å styrke satsinga på innovasjon og få opp fleire prosjekt, har det mellom anna vorte oppretta ei prosjektstilling frå hausten 2017. Stillinga er eit samarbeid mellom Helse Førde,

<sup>1</sup> Pågåande doktorgradsprosjekt i HFD er her definert slik, begge kriteriana skal vere oppfylte: a) HFD har bidrege vesentleg i prosjektet og kan dermed rapportere på avhandling etter disputas; b) kandidaten har opptak i doktorgradsutdanninga ved eit universitet. Dette føreset at kandidaten har garanti for fullfinansiering av prosjektet.

Høgskulen på Vestlandet og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Dei fem prosjekta som søkte om innovasjonsmidlar for 2018 er mykje eit resultat av arbeidet til denne prosjektstillinga. Fire av prosjekta er heilt nye.

Tabell 4. Søknader og tildelingar av innovasjonsmidlar frå Helse Vest for 2018

Prosjekt	Søkt	Tildelt
«Pust deg betre» - app	360 000	360 000
Drone akuttmedisin, forprosjekt	300 000	300 000
MR-korg	300 000	150 000
Elektronisk lagring av operasjonsutstyr	500 000	-
Innovasjonsarbeid Nøtteknekkarane	115 000	-

### 3. Samhandlingsbarometeret og helseatlas

#### 3.1 Status for Samhandlingsbarometeret

Det er stor aktivitet i Samhandlingsbarometeret. Då Samhandlingsbarometeret starta, var tanken at barometeret skulle gi tilgang på samhandlings- og styringsdata for kommunar i Sogn og Fjordane og for Helse Førde. Eit langsiktig og systematisk arbeid har ført barometeret utover fylkesgrensene. Alle føretaka i Helse Vest og Helse Nord er no lagt inn i barometeret. Det er også etablert tett samarbeid med analyseininga i Helse Vest, og med Nasjonalt pasientregister (NPR). NPR har no også fått ansvar for Kommunalt pasientregister, og vårt Samhandlingsbarometer er i dialog med dei om dette. Det er også etablert dialog med Helse Sør-øst sitt analysemiljø om samarbeid.

Det er dialog med Helse Vest RHF om fast finansiering til drift og utvikling av barometeret. Saka vert handsama i AD-møtet i Helse Vest i juni, og signala så langt er positive. Ei slik løysing vil gje handlingsrom til å rekruttere kompetanse som kan løfte kvaliteten på barometeret ytterlegare.

#### 3.2 Status for helseatlastenesta i Helse Førde

Helseatlastenesta er ei nasjonal oppgåve som Helse Førde utøver på vegner av Helse Vest. Det er frå tidlegare etablert Helseatlas i Helse Nord. Teamet i Helse Førde er etablert og har høg kompetanse. Atlaset har fått konsesjon frå Datatilsynet og fått data frå Norsk pasientregister til å utvikle helseatlas innan emneområda «sentrale ortopediske tilstandar» og «psykisk helse og somatiske helsetenester». Det dreier seg om data frå heile landet for perioden 2012 – 2016. Fram til no har dei arbeidd mest med ortopediatlasen. For emneområdet «psykisk helse og somatiske helsetenester» planlegg ein å komme meir aktivt i gang hausten 2018. Det er etablert faglege landsdekkande og regionale faglege nettverk som bidreg med innspel til teamet sitt arbeid. Teamet har også nært samarbeid med Helse Nord sitt atlas-team.

Fagdirektørmøte i Helse Vest er styringsgruppe for innføring av oppgåva fram til det første atlaset er publisert.

### 3.3. Forskingskommunikasjon – eit døme

I rapportering er forskingsformidling i form av vitenskaplege publikasjonar nasjonalt og internasjonalt som vert målt. Gjennom dette skjer ei avgjerande sikring av kvalitet og kommunikasjon med forskarfellesskapet. Forskingsformidling utanom vitenskaplege publikasjonar omfattar m.a. å kommunisere innsikter, arbeidsmåtar og haldningar frå spesialiserte forskingsfelt til kollegaer, brukarar av helsetenestene og ålmenta samt å bidra til samfunnsdebattar med vitenskapsbasert argumentasjon.

Eit døme på omfattande forskingskommunikasjon står overlege og fagsjef ved PHV, Trond Aarre, for. I løpet av siste året har han m.a. bidratt i den første norske fagboka innan etikk i psykiske helseteneste, han har publisert ein kronikk i Aftenposten, halde ei rekkje føredrag på konferansar og seminar og deltatt i fleire debattar i ålmenta. I desse dagar kjem ei ny fag- og debattbok frå han, «*En mindre medisinsk psykiatri*».

## 4. FOU i strategiplan og utviklingsplan

Forsking er ei av dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta. Helse Førde har ein strategiplan for forskning og innovasjon frå 2014 som skal reviderast. Det er naturleg å starte dette arbeidet etter at revidert utviklingsplan for Helse Førde er vedteken våren 2018. I framlegg til utviklingsplan for Helse Førde er forskning og innovasjon omtala:

*At Helse Førde har forskings- og innovasjonsmiljø som kan hevde seg i regional og nasjonal samanheng er vesentleg for rekruttering. Det skal arbeidast målretta for at forskinga i større grad enn i dag er integrert i den øvrige drifta. Helse Førde har teke initiativ til nærare samarbeid med næringslivet i fylket, og inngått avtale med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane om bistand til utvikling av idear og kommersialisering og forretningsutvikling. (...)*

*Overordna målsetting:*

*Forsking av høg kvalitet og innovasjon som skal forbetre helsetenestene og fremje meistring og helse*

- *Helse Førde vil:*
- *Aktivt nytte forskning og innovasjon som grunnlag for å forbetre prosessar og resultat*
- *Utvikle og sikre ein meir robust og tydeleg infrastruktur og organisasjon for forskning og innovasjon*
- *Auke brukarmedverknad i forskning*
- *Styrke formidlingsaktiviteten gjennom handlingsplan*

## Vurdering

Forskning er ei av dei fire hovudoppgåvene til Helse Førde. Kvaliteten på dei vitenskaplege publikasjonane våre er fullt på høgde med det nasjonale nivået, og vi har nådd opp i konkurransen om større forskings- og innovasjonsmidlar. Forskinga bidreg på ulike måtar til betre tenestekvalitet. To av våre tilsette, som både er forskarar og kliniskarar, vann i 2017 den årlege kvalitetsprisen i høvesvis Helse Førde og Helse Vest.

Samtidig har føretaket framleis relativt liten forskingsproduksjon og -innsats samanlikna med føretak av vår storleik. Miljøet er sårbart, og kapasiteten vert fort oppbrukt når ein får større prosjekt. Det same gjeld infrastruktur og støttesystemet rundt.

Det er vesentleg at fleire utviklar seniorkompetanse innan forskning, utviklar og rettleier på prosjekt, er aktive i miljøbygging og søker eksterne midlar. Auka prioritering av forskning særleg i medisinsk og kirurgisk klinikk vil vere viktig for å utvikle forskinga i Helse Førde vidare. Det same er vidareutvikling av infrastruktur og forskingsorganisasjonen i føretaket.

HFD har dei seinare åra auka kompetansen vesentleg innan forskning der registerdata er sentralt, m.a. knytt til Samhandlingsbarometeret og Helseatlas. Arbeidet knytt til desse gjev gode mogelegheiter til å utvikle forskingsprosjekt og faglege nettverk, både inn mot kliniske fagmiljø og mot miljø som har kompetanse innan forskning på tenester og helsesystem.

Innovasjon er no i ferd med å få ei meir systematisk form i Helse Førde, og fleire nye prosjekt har fått innovasjonsmidlar frå Helse Vest. Ein milepåle i 2017 var tilsetjing av ein person i ei prosjektstilling saman med HVL og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, og tilbod om meir systematisk rettleiing og kontakt med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane med tanke på mogeleg kommersialisering av idear.

## Konklusjon

Statusorientering om forskning og innovasjon vert teken til orientering.

### VEDLEGG:

1. Vitenskaplege publikasjonar 2017
2. Årsrapport Folkehelse, livsstil og overvekt
3. Årsrapport Psykisk helse og rus